



DET·NORSKE·TEATRET



A/S ASKIM GUMMIVAREFABRIK



Ankelremsko
i hvit mokka
kr. 26.70

DET NORSKE TEATRETS
JUBILEUMSTURNÉ

i samarbeid med

RIKSTEATRET



Frøken Julie

Drama i 1 akt av August Strindberg

Turnéleiar: TRYGVE NØRVE

NATIONEN
Sandmåndspostens Dagutgave

Hovedorgan for Norges Bondestand

Kr. 15,— pr. kvartal
» 5,— » mnd.

I eit godt samfunn
skal den eine næring vera med
og byggja den andre opp!

Norsk Bonde- og Småbrukerlag er fagsamskipnaden for det mindre jordbruk

Røynsla syner at utan fagleg samskipnad får ein ikkje betra sine økonomiske kår. Norsk jordbrukspolitikk må formast, og verta leidd ut frå omsynet til at 87 % av alle bruk i landet er under 100 dekar. Norsk Bonde- og Småbrukerlag hevdar desse bruk sine faglege, økonomiske og sosiale interesser.

Difor: Alle som vil framgang i jordbruket, bli med i den organiserte småbrukarrørsla! Skriv til Norsk Bonde- og Småbrukerlag, Kr. Augustsgt. 19, Oslo.

I januar var det førti år sidan Det Norske Teatret tok til. Jubiléet vart høgtida i Oslo med fine framsyningar og mykje fagnad. Men Det Norske Teatret, som i alle desse førti åra har vori ei høgborg for nynorsk scenekunst, er ikke berre eit teater for hovudstaden. Det er like mykje eit teater for heile Noregs land. Difor er det gildt for Riksteatret å vera med og skipa til denne framsyninga med August Strindbergs meisterverk «Frøken Julie», ei jubileumsferd som gjev landet høve til å hylle teatret og kunstnarane.

Ja, for landet har mykje å takke Det Norske Teatret for. År etter år, frå 1913 til i dag, den siste tida i samarbeid med Riksteatret, har Det Norske Teatret sendt ut spelferder med dei beste av dei framsyningane som teatret har gjevi i Oslo. Det blir nokre tusen framsyningar av dette. Desse spelferdene har gjort mykje til å rydja vegen for Riksteatret. Dei har vekt kjærleik til godt teater i bygd og by og sett djupe merke etter seg i kulturlivet i landet. Difor trur vi at folk har serskilt glede av denne spelferda som vekkjer så mange gode minne og som gjev høve til takk og hylling. Og vi seier også takk og ynskjer lukke på ferda!

R I K S T E A T R E T

Fritz v. d. Lippe

Teatersjef.



Er De også tverrplattfot?

VIBRION NORSK A/S

Fotspesialist Ole Thoresen

Telefoner: 44 33 65. Privat 60 22 29. — Nils Juels gt. 39, Oslo

VIBRION-fjæren er det nye «levende» fotstøtte, som støtter opp og gir Deres svake fot en styrkende massasje.

VET DE, at smerter, som ansees å være isijas, reumatiske smerter, hekseskudd, tretthet og verk i rygg, føtter og ben, ofte **beror på** hård hud under fotballen?

VET DE, at den smertefulle, hårde hud under fotballen oppstår når det forreste tverrhvelvet i foten er sunket?

VIBRION-fjæren kan, takket være sin elastisitet og masserende egenskap effektivt avhjelpe slike besvær.

VIBRION-fjæren er lett og smidig, vi har flere leger som anbefaler den.

Avlegg oss et besøk eller skriv, og vi sender forklaring på hvorledes De selv kan ta Deres eget avtrykk. **Klipp ut. Bestill time.**

TO KVALITETSBØKER FOR TEATERINTERESSERTE

Olav Dalgard:

TEATRET

Frå Aiskylos til Ibsen

„Inspirerende teaterhistorie for alle“

Rikt illustrert

Kr. 16.— I band kr. 18.80

Olav Dalgard:

DET NORSKE TEATRET

1913—1953

Rikt illustrert - Pris kr. 3,90.

NOREGS BOKLAG OG DET NORSKE SAMLAGET

GLOBUS IMPORTHUSET

ETABLERT 1901

Egne avdelinger for:

PARFYMERI — LEKETØY
NORSKE HUSFLIDSARBEIDER
SYKE- OG HYGIENEARTIKLER

LILLE GRENSEN 2a — OSLO — TELEFON 33 36 21

H. RUI

GRAVØR — MEDALJØR — ETIKETTFABRIKK
OSLO — UNDERHAUGSVN. 9

MERKER — MEDALJER
STEVNETEGNI METALL OG PAPIR

Silkestoffer kjøper De billigst og best hos

Oscar

Dietrichson

Stoffetasjen, Karl Johansgate 21^a, ved Egertorvet

Stort utvalg — rimelige priser


Frøken Julie

Strindberg skreiv «Frøken Julie» i 1888, og i eit lengre forord gjorde han greie for spesielle teoretiske føresetnader som han hadde bygd dramaet over. Forordet vart omsett til ei mengd språk og har mesta fått like mykje å seia for det moderne drama som dramaet sjølv.

Strindberg formulerte her prinsippet for eit naturalistisk drama og synte med «Frøken Julie» korleis eit slikt tok seg ut: I eit naturalistisk drama skulle scenane vera som skorne beint ut or det røynelege. Ingenting måtte verke «teater». Aktinndelinga vart stoken, måla rekvisitt vart bytte om med ekte, lamperekkja vart teken bort og forfattaren rådde til ein liten scene og helst og liten salong. Karakterane vart ikkje som i eldre dramatikkk tolka med eit visst dominerande drag: den gjeruge, den skrytande osv., men som kompleks av ei mengd eigenskapar. Samstundes vart desse karakterane teikna — i samsvar med læresetningane til Taine — som styrde fyrst og fremst av lovene om arv og miljø. Ætt og omgang både til adelsfrøkna og tenaren i oppvoksteren vart nøye oppgjevne for publikum. Strindberg heldt seg unna alle tendensar til oppkonstruert intrige som hos Ibsen eller i dei franske drama frå keisartida. Han hevda at det ikkje var om å gjera at kvar replikk i dialogen var logisk underbygd. Personane skulle få reagere like mykje ut frå uskjønelege impulsar som etter overlegg. Ekte framstilling av det røynelege, fri for gamal tradisjonell teknikk, var Strindbergs mål.

Om ein ser bort frå at dette forordet kan hende er skrivi etter at dramaet var ferdig, er «Frøken Julie» ei lysande innleiing til den naturalistiske skodespeldiktinga. — Det tok lang tid før eit teater våga seg til å spela «Frøken Julie». Strindberg hadde vona at skodespelaren og teaterleiaren August Lindberg ville starte eit eksperimentteater i Stockholm, eit Strindbergteater. Han hadde fått

(Framhaid side 11.)



Frøken Julie

Drama i 1 akt av *August Strindberg*

Til norsk ved *Olav Dalgard*

Sett i scene av *Ellen Isefiær*


Dekorasjonen ved *Arne Walentin*

Dei som spelar:

Frøken Julie *Tordis Maurstad*

Jean *Gunnar Simenstad*

Kristine *Ada Ørvig*




Norsk Redningskøytene


Redningsskøytenes arbeid 1952.

43 mennesker ble reddet fra den visse død, 3206 mennesker ble hjulpet på sjøen, 745 større og mindre fartøyer ble berget, innslept, assistert eller veiledet til los, 93 syke ble transportert til sykehus.

Norsk Selskap til Skibbrudnes Redning. (Redningsselskapet.) Nedre Vollgt. 3, Oslo



Tordis Maurstad



Gunnar Simenstad



Ada Ørvig

Livstrygding — Pensjonstrygding

GJENSIDIGE

Eldste livstrygde- og livrentelaget i Noreg



Ellen Isefiær

Det er i år 30 år sidan Ellen Isefiær debuterte som skodespelar på Stavanger Teater etter ei elevtid på Nationaltheatret. Etter kvart er det instruktørarbeidet som meir og meir har interessert henne, og det er no ca. 15 år sidan ho hadde si fyrste instruktør-oppgåve — det var hos Henry Gleditsch på Trøndelag Teater.

Ellen Isefiær's namn er godt kjent — det er nær sagt ikkje ein norsk scene der ho ikkje har sett opp eit stykke. Men det er fyrste gong vi har den gleda å ha henne som gjest ved Det Norske Teatret. Vi ynskjer henne hjarteleg velkomen!



Orkavle^{as}

URD

Interessant stoff · Vakre bilder

leses av hele familien!

Kr. 15,— pr. år
» 7,50 pr. halvår

Sverige, Danm. 15,60 pr. år
U.S.A. 20,— »

«Urd»s mønstertjeneste
er enestående:
Ca. 22 snittmønstre i året for voksne
og barn gratis for abonnenter.

Bli „Urd“-abbonnent!


Ekspedisjon: Ø. Slottsgt. 21, tlf. 42 14 02



BØNDERNES BANK A/S

OSLO — SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM

Alle slags bankforretninger i Norge og utlandet



PYROX

magasin- og platekomfyr har 30 års ry for toppkvalitet.
Der finnes ingen bedre — Gode avbetalingsvilkår.

PYROX UTSALG

Morgenbladets gård, inng. Arbeidergt. Telefon 33 37 32.

(Framhald frå side 5.)

idéen til dette etter det vellukka eksperimentet med Théâtre Libre i Paris som André Antoine hadde skapt i 1887. Saman med ei gruppe unge entusiastar gjekk han inn for eit avantgardeteater som braut med alle gamle teaterkonvensjonar. Og stimulert av dette føredømet skreiv så August Strindberg «Frøken Julie», men planane med eksperimentteatret i Stockholm førde ikkje fram, og fyrst i 1892 våga Freie Bühne i Berlin å spela stykket. Men her gjekk det berre ein kveld — protestane frå salen — serleg frå det kvinnelege publikum — var for sterke til at teatret våga å halde fram.

I 1893 gjekk då endeleg teppet opp for «Frøken Julie» og det på sjølve Théâtre Libre. Her vart stykket ein stor triumf for forfattaren. Han var den fyrste svenske dramatikaren som vart spela i Paris, og «kvinnehataren» vart med eitt ein namngjeten figur i den litterære verda. Snart etter fylgde «Fordringsägare» og «Fadren» som neste år vart spela på Théâtre de l'Oeuvre.

Men Sverige og Norderlanda elles var stengd for «Frøken Julie». Bjørnstjerne Bjørnson og andre menn med autoritet hevda at stykket var for usømeleg og umoralsk til å bli spela.

Fyrst i 1907 fekk stykket premiere i Stockholm og vart ein stor suksess. No har «Frøken Julie» opplevd ei endelaus rekkje fram-

(Framhald side 12.)

Riktige og billige barneklær!

Perfekt Barnekonfeksjon

VOGNMANNSGT. 2, HJ. AV JERNBANETORGET — TELEFON 414045

**Storgatens
Blomsterhandel**

Storgt. 10a. Inng. Skippergt.

Alt i blomster.

Telefon 33 07 50.

O. EKORNES

FANER og BANNER

av alle slag

Kr. Augustsgt. 5 — Telefon 33 48 43

(Framhald frå side 11.)

føringar og har fått sigersgang over heile verda som eit av dei mest kjende og spela drama. Hausten 1938 vart stykket spela på Søilen Teater i Oslo med Aud Richter i titelrolla.

Stykket har vori filma fleire gonger, no sist av Alf Sjöberg med Anita Björk som Julie.

(Etter Gunnar Oléns bok om Strindberg.)

Kåper - Kjoler - Drakter

Rosenkrantz plass 7 — Inngang Pilestredet.

Kunstklinkeriet P E R F E K T

Atelier for

restaurering av kunst - Antikviteter

Porselen - Keramikk - Lervarer m. v.

Hegdehaugsvn. 29 IV - Telefon 46 35 36 - Forretningstid kl. 9-16. (Lørdag stengt).

OSLO PELSATELIER ^{A/S}

Dronningensgt. 32, Oslo. Telefon 42 12 63

Spesialforretning i KÅPER og DRAKTER

Alt i

rørbransjen

Spør oss!



KVALITETSMERKE

AS E. Sundes & Co Ltd
Oslo

TLF. 33 72 70

GRUNNLAGT 1877

TORGTT. 11

Rubin

SOLID
KLIP

SYNLIG
BLEKK
STAND

4 SPISS
BREDDER
14 CT. GULL

Penn kr. 34.-
Blyant " 8.-

Leveres i
sort og burgunder.



også **vi**
har en
rolle +
å spille

HANDEL OG KONTOR

ORGANISASJONEN FOR
FUNKSJONÆRER I INDU-
STRI, HANDEL OG OM-
SETNINGSVIRKSOMHET,
STORGATEN 12 OSLO